

Referat styremøte HSG.

Tid og stad: 20. januar 2010, kl. 10.30-, Nortura, Eidsvåg

Tilstades: Inga Rørlien, Steinar Steine, Svein Misje, Anne Lise Lien, Reidar Kallestad og Turid Sundt (skrivar).

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og referat.

Innkalling og referat vart godkjent utan merknad.

2. Orienteringssaker

- Ny møteserie om innmarksbeite. Eit samarbeidsprosjekt mellom Nortura, HSG og NLR Hordaland. Det vert starta opp beitekurs 5 stader i fylket no i midten av februar. Kurset kostar 900 kr, men vil vere gratis for medlemer i NSG.
- Steinar orienterte frå "Erfaringskonferanse Beiteprosjektet 2009" som vart arrangert av SLF. Ulike innleiarar orienterte om sine spesialfelt (radiobjøller, alveld, rovvilt, sjukdomsførebyggjing, beiteorganisering, utmarksbruk). Kan vere aktuelt å invitere ein av desse innleiarane til neste leiarmøte i HSG.

3. Strategiplan.

Strategiplanen vart gjennomgått, og ved at ein inkluderar "handlingsplan rovvilt" under punkt 1: Produksjonsvilkår, ser ein seg no ferdig med dette arbeidet. Strategiplanen er i dag i powerpoint-format, Turid gjer planen om til Word-format. Planen må ut saman med sakspapira til årsmøtet.

4. Årsmøte 2010

Må få oppdatert straumpostliste til alle lokallaga. Då vil det verte lettare å få ut informasjon og referat til lokallaga. Saklista er grei. Det vert etter mal frå førre år. Premie til beste bukk og beste vær syter Tine og Nortura for. Inga spør Lars Sponheim om han vil halde eit kåseri fredagskvelden. Programmet vart fastlagt og innleiarar bestemt. Styremedlemene ringjer rundt til kvar sin region i fylket og oppfordrar lokallaga til å stille på årsmøtet.

5. Årsmelding for 2009

Meldinga må vurderast å verta berre elektronisk frå neste år. Det er mykje arbeid med å få inn annonsørar for at papirutgåva ikkje skal verte for dyr.

Styret gjekk gjennom lista over dei annonsørane som var i meldinga for 2008. Alle har fått brev frå Svein, men alle har ikkje svart. Dei resterande vart fordelt mellom medlemene i styret.

Resten av innhaldet er i rute.

6. Uttale til jordbruksforhandlingane 2010. Kva er viktig for oss?

Inga skal på eit felles møte for landbruksorganisasjonane komande mandag. Lokallaget på Vossestrand har kome med innspeil som vart drøfta. Punkt som Inga vil ta med vidare:

- Innfrakt. Utjamning av kostnadane uavhengig av kvar ein bur.
- Tilskot til utmarksbasert beite.
- Tilskot til jordforbetrande arbeid. Styrking av kvaliteten på innmarka/dyrka mark.

7. Kva bør HSG gjera med pengane som står på avls - og kåringskontoane? Skal dei brukast – evt til kva? Eller skal dei stå og veksa?

Styret har fått brev frå Seminringen der dei etterlyser plan over kva desse pengane skal nyttast til.

Styret ynskjer å gjere eit lyft på grasrota. Har lyst til å vere med å spreie avlsframgangen som skjer i ringane ut til bruksbuskapane. Alle lokallaga bør ha besøk der det vert informert om nytten av avlsarbeid. Dette bør skje i forkant av hausten 2010.

8. Etne Sau og Geit sin ”aksjon skårfeste”

Etne har tidlegare sendt søknad om kr 50000 til ”Aksjon skårfeste”. HSG har sendt avslag på denne søknaden tidlegare, men det har så kome klagebrev i retur. Styret meiner framleis at dei ikkje kan støtte eit slikt lokalt prosjekt. Det har i ettertid kome informasjon om at prosjektet har fått SMIL-midlar. Det er flott!

9. Nytt felles stormøte i Hordaland 29. - 30.oktober 2010. Skal HSG ha sitt leiarmøte i den forbindelse?

Stormøtet hausten 2009 vart svært vellukka. HSG vil vere med i 2010 , og ein legg opp til leiararsamling på fredagen før kl.16. Etter kl.16 vil det vere ei felles økt før det vert felles middag. På laurdagen vert det så føredragsbolkar innan ulike fagfelt som vert køyrt parallelt.

Nortura, Tine, Felleskjøpet, Hordaland Bondelag er hovudarrangørar og så er ”Særorganisasjonane” medarrangørar. Styret er positive til å prøve ut dette. Dei ynskjer og å få vere med å velje ut tema til fagdelen som skal vere på sau.

10. Ymse

Neste møte vert i Ullensvang 19.feb kl.12.

Evanger 26.januar 2010

Turid Sundt